



Statens vegvesen

Jobbnorge-ID: 270274

Søknadsfrist: 17.11.2024

Nettside: <https://www.vegvesen.no/om-oss/jobb/>

Omfang: Heiltid

Varighet: Fast

Plan og prosjekteringsleiarar

Om stillinga

Drift og vedlikehald, Plan og utbygging midt, søker etter 2 planleggingsleiarar til ei fast stilling og eit vikariat inntil 1 år med moglegheit for forlenging.

Fast stilling:

Planleggingsleiar med kompetanse på trafikktryggleik er eit nyoppretta arbeidsområde i seksjonen. Stillinga vil ha hovudområde på trafikktryggleik, men også andre oppgåver innanfor planlegging/prosjekteringsoppgåver kan vere aktuelt.

Vikariat:

Her styrer og leier planleggingsleiar ordinære prosjekt.

Stillingane inneber ikkje personalansvar og kontorstad vil vere Molde, Steinkjer eller Ålesund.

Arbeidsoppgåver:

- styre og leie tverrfaglege prosjektgrupper og følgje opp i tråd med prosjektplanar
- bestille og gjere faglege vurderingar på tiltak både etter TS-inspeksjonar og i andre prosjekt i avdelinga
- bidra i trafikktryggleiksarbeid på tvers i avdelinga og i utvikling av TS-inspeksjon applikasjonen

Kompetansekrav

Vi ser etter deg som har utdanning frå universitet eller høgskule minimum 3 år. Omfattande og relevant erfaring innanfor dei aktuelle fagområda kan kompensere for manglande formell utdanning.

Du må vere god til å formulere deg skriftleg og muntleg på norsk og ha nødvendig digital kompetanse.

Det vil vere ein fordel om du har

- kompetanse innanfor fagområda trafikktryggleik, vegplanlegging, vegbygging, trafikkplanlegging og trafikkteknikk
- kunnskap om planlegging/prosjektering etter plan- og bygningslova og erfaring som planleggings/ prosjekteringsleiar
- erfaring med leingi av tverrfaglege prosjektgrupper

Vi legg vekt på at du

- samarbeider godt med andre, deler kunnskap og bidreg til utvikling innanfor fagområdet og i avdelinga
- har fokus på fokus på framdrift, økonomi og gjennomføring av tiltak
- er trygg og komfortabel med bruk av digitale verktøy i arbeidshverdagen

Dersom du har teke heile eller deler av utdanninga di i utlandet, ber vi om ei autorisert oversetjing av papira dine og godkjenning frå HKDIR (<https://hkdir.no/utdanning-fra-utlandet>).

Kvifor skal du velja oss?

Som tilsett i Statens vegvesen blir du ein del av eit solid og kunnskapsdelande fagmiljø. Du påverkar samfunnsutviklinga og får bidra til framtidretta løysingar på ditt fagfelt. Vi gir deg ansvarsfulle oppgåver og du vil få utvikle deg, både fagleg og personleg, i takt med nye utfordringar i samfunnet. Vi tek godt i mot deg, og du blir ein del av eit fellesskap med godt arbeidsmiljø i heile landet.

Vi tilbyr deg også desse goda:

- fleksitid og gode ordningar for å avspasere
- god pensjonsordning og moglegheiter for lån i Statens pensjonskasse
- moglegheit for trening i arbeidstida eller støtte til treningsaktivitet
- gode moglegheiter for fagleg påfyll

Lønn blir avtalt i samsvar med lønnspolitikken vår.

Krav til søknaden

Fyll ut feltene "Utdanning" og "Arbeidserfaring" og last opp relevante vitnemål og eventuelle attester.

Positiv særbehandling

Statens vegvesen verdset mangfold og ønsker ein inkluderande arbeidsplass. Me oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkja. Kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn vil få moglegheit for positiv særbehandling. Les meir om positiv særbehandling på arbeidsgivarportalen.

Søklarlista er offentleg

Dersom du ynskjer å reservere deg frå oppføring på offentleg søklarliste, må dette grunngjevast. Viss vi ikkje kan ta ynsket ditt til følgje, tek vi kontakt med deg.

Har du spørsmål om stillinga?

Kontakt leiar Anni Kari Pedersen på mail anni.kari.pedersen@vegvesen.no eller telefon tlf. 90524355.

Om Statens vegvesen

Statens vegvesen fører an i utviklinga av eit framtidretta, effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem. Vi byggjer, driftar og held ved like riksvegane i landet, og vi tar vare på heilskapen gjennom det nasjonale ansvaret vårt for beredskap på veg, og ved utvikling av eit tydeleg regelverk og standardar for alle. Gjennom arbeid og tilsyn med trafikantar og køyretøy, ny teknologi og utvikling av digitale tenester sikrar vi trafikantane og næringslivet ein tryggare, enklare og grønare reisekvardag.

Verksemda vår er organisert gjennom Vegdirektoratet og seks divisjonar.

Noko av det viktigaste vi gjer for samfunnet og miljøet er å ta vare på det vegnettet vi allereie har. I divisjon Drift og vedlikehold har vi ansvaret for heilårsdrift av riksvegane, inkludert ferjer. Vi vedlikeheld og utviklar vegnettet, og planlegg og gjennomfører utbetningsprosjekt. Drift og vedlikehald har rundt 900 medarbeidar over heile landet, og ein årleg omsetnad på om lag 16 milliardar kroner.

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

- Julsundvegen 9 6404 Molde (Molde Kommune)
- Byavegen 48 7715 Steinkjer (Steinkjer Kommune)
- Vestre Olsvikveg 13 6019 Ålesund (Ålesund Kommune)